

Eksamen

20.05.2020

LBR3001 Plante- og husdyrproduksjon

Programområde: Landbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

| | |
|----------------------------------|--|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 4 timar. |
| Hjelpemiddel | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| Bruk av kjelder | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| Vedlegg | Vedlegg 1: Årsrapport buskap 2019 Vedlegg 2: Årsutskrift enkeltkyr |
| Informasjon om vurderinga | Det vert lagt vekt på at kandidaten: <ul style="list-style-type: none">• Dekkjer oppgåvene sine kompetansemål i læreplanen• Kjenner til riktige fagomgrep• Bruker fagomgrepa rett• Viser faglege kunnskapar og heilskapleg oversikt• Beskriv og vurderer faglege val og samanhengar i faget• Viser til kjelder som nyttast, og bruker kjelder på ein fornuftig måte• Formulerer seg på ein oversiktleg måte• Har ein ryddig og god disposisjon i svaret |
| Andre opplysningar | Desse måla er plukka ut til denne eksamen: <ul style="list-style-type: none">• planleggje, utføre og vurdere <u>ulike typar landbruksproduksjonar</u> i tråd med gjeldande regelverk, standardar, kvalitetssystem og krav til dokumentasjon• planleggje, utføre og vurdere <u>stell av jord og plantar</u> ut frå omsyn til økologi, jordkultur og plantekultur i minst to ulike typar planteproduksjonar• planleggje, utføre og vurdere <u>stell av dyr</u> ut frå omsyn til avl og fôring, anatomi, fysiologi, etologi og dyrevelferd innanfor minst to ulike typar husdyrproduksjonar• identifisere symptom på mistrivnad, skadar og vanlege <u>sjukdommar hos plantar og dyr</u> og setje i verk relevante tiltak• planleggje og utføre <u>arbeidsoppgåver til rett tid og tidspunkt</u> ut frå optimalisering av kvalitet og produksjonsutbytte• Hente inn informasjon om og beskrive <u>kvalitetskrav, leveringsmåtar og leveringsbestemmingar</u> innanfor plante- og husdyrproduksjon• <u>analysere driftsresultat</u> og gi råd om forbetringar i landbruksproduksjonar |

Situasjonsbeskriving:

Garden *Mjølkerampen* er ein stor ku-gard i Innlandet. Garden består av ca. 1200 daa dyrka mark. Dei produserer alt grovfôr sjølv, samt åkerbønner, havre og kveite som kraftfôr-erstattande vekstar. Fjøset har fullfôrvogn og lagrar 2/3 av fôret i plansilo og resten i rundballar.

Det blir kjøpt inn ferdig kraftfôr som blir gitt til kyrne i mjølkeroboten og i separate kraftfôr-automatar etter innstilt informasjon på datasystemet. Halm blir og nytta, til sinkyr og ungdyr. Fjøset som er bygd i 2010 har ein mjølkerobot, og plass til ca. 60-70 årskyr – hovudsakleg storfe av rasen NRF. *Mjølkerampen* har kalvingar heile året.

Mjølkerampen har ikkje designa fjøset til oppfôring av oksar, så alle oksekalvane blir selde som livdyr etter mjølkeavvenning.

Fjøset har flyterenne til storfegjødsla, og gjødsla blir lagra i ein stor separat gjødselkum.

Kona Mette jobbar 100% heime på garden, mens mannen Mons har anna arbeid utanom garden (handverkar). Han jobbar heime i onner og i andre tidkrevjande periodar. Barna på garden er for små til å bli rekna som arbeidskraft. Elles får *Mjølkerampen* noko innleigd hjelp i helger, feriar og onner.

OPPGÅVE 1

Garden *Mjølkerampen* har nokre forbetningspunkt, og søker hjelp hos deg som er rådgjevar i distriktet.

Som rådgjevar er det viktig at du innleier med dei positive sidene i produksjonen. Vel ut 2-3 punkt som er positive i besetninga.

Beskriv to negative resultat, gi grunn for vurderinga og forklar korleis du vil at dei negative resultatata bør endrast/forbetrast. Ta utgangspunkt i utskrifta/vedlegga frå Kukontrollen (vedlegg 1 og vedlegg 2).

OPPGÅVE 2

Kua 5591 kalva 31.12.2019. Beskriv og forklar kva som skjer med kua heilt fram til neste gong kua kalvar.

Det er forslag om nokre endringar i lovverket når det gjeld ku og kalv. Du som rådgjevar skal beskrive for gardbrukarane både positive sider og utfordringar med dette. Gi gardbrukarane råd om kva dei bør gjere. Gi grunn for svaret ditt.

OPPGÅVE 3

Denne våren skal ca. 250 daa pløyast opp og såast til med engfrø.

- a) Kva for sortar vil du tilrå gardbrukarane å bruke for å få nærings- og smaksrikt grovfôr til dyra, og som gir mange kg fôr pr. daa?
- b) Forklar i korte trekk korleis gardbrukarane bør arbeide med jorda for å lage eit godt såbed for engfrøa. Du kan sjølv beskrive kva slags type jord som skal såast til.
- c) Garden *Mjølkerampen* brukar husdyrgjødsel på jorda. Husdyrgjødsel varierer sterkt i næringsinnhald. Korleis kan ein oppnå best mogleg utnytting av blaut husdyrgjødsel? Bruk gjerne tabell 1 under.

Tabell 1.

| | |
|--|--|
| Til 450 kg korn/daa | 1,2 tonn/daa blaut grisegjødsel (tørrfôring) 250 kg/daa fjørfegjødsel 2,5 tonn/daa blaut storfegjødsel |
| Til 700 kg tørrstoff/daa av raigras/ eng | 4,2 tonn/daa blaut storfegjødsel 2,8 tonn/daa storfe-talle 1,3 tonn/daa saue-talle |

Bokmål

Eksamensinformasjon

| | |
|-----------------------------------|--|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 4 timer. |
| Hjelpemidler | Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| Bruk av kilder | <p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Vedlegg | Vedlegg 1: Årsrapport buskap 2019 Vedlegg 2: Årsutskrift enkeltkyr |
| Informasjon om vurderingen | <p>Det vektlegges at kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none">• dekker oppgavenes kompetansemål i læreplanen• kjenner til riktige fagbegreper• bruker fagbegrepene riktig• viser faglige kunnskaper og helhetlig oversikt• beskriver og vurderer faglige valg og sammenhenger i faget• henviser til kilder som benyttes og bruker kilder på en fornuftig måte• formulerer seg på en oversiktlig måte• har en ryddig og god disposisjon i besvarelsen |
| Andre opplysninger | <p>Disse målene er plukket ut til denne eksamen:</p> <ul style="list-style-type: none">• planlegge, utføre og vurdere <u>ulike typer landbruksproduksjoner</u> i tråd med gjeldende regelverk, standarder, kvalitetssystemer og krav til dokumentasjon• planlegge, utføre og vurdere <u>stell av jord og planter</u> ut fra hensyn til økologi, jordkultur og plantekultur i minst to ulike typer planteproduksjoner• planlegge, utføre og vurdere <u>stell av dyr</u> ut fra hensyn til avl og fôring, anatomi, fysiologi, etologi og dyrevelferd innenfor minst to ulike typer husdyrproduksjoner• identifisere symptomer på mistrivsel, skader og vanlige <u>sykdommer hos planter og dyr</u> og iverksette relevante tiltak• planlegge og utføre <u>arbeidsoppgaver til riktig tid og tidspunkt</u> ut fra optimalisering av kvalitet og produksjonsutbytte• innhente informasjon om og beskrive <u>kvalitetskrav, leveringsmåter og leveringsbestemmelser</u> innenfor plante- og husdyrproduksjon• <u>analysere driftsresultat</u> og gi råd om forbedringer i landbruksproduksjoner |

Situasjonsbeskrivelse:

Gården *Melkerampen* er en stor ku-gård i Innlandet. Gården består av ca. 1200 daa dyrka mark. De produserer alt grovfôr selv, samt åkerbønner, havre og hvete som kraftfôr-erstattende vekster. Fjøset har fullfôrvogn og lagrer 2/3 av fôret i plansilo og resten i rundballer.

Det kjøpes inn ferdig kraftfôr som gis til kuene i melkeroboten og i separate kraftfôr-automater etter innstilt informasjon på datasystemet. Halm benyttes også, til sinkuer og ungdyr. Fjøset som er bygd i 2010 har en melkerobot, og plass til ca. 60-70 årskyr – hovedsakelig storfe av rasen NRF. *Melkerampen* har kalvinger hele året.

Melkerampen har ikke designet fjøset til oppfôring av okser, så alle oksekalvene blir solgt som livdyr etter melkeavvenning.

Fjøset har flyterenne til storfegjødsel, og gjødsel lagres i en stor separat gjødselkum.

Kona Mette jobber 100% hjemme på gården, mens mannen Mons har annet arbeid utenom gården (håndverker). Han jobber hjemme i onner og i andre tidkrevende perioder. Barna på gården er for små til å regnes som arbeidskraft. Ellers får *Melkerampen* noe innleid hjelp i helger, ferier og onner.

OPPGAVE 1

Gården *Melkerampen* har noen forbedringspunkter, og søker hjelp hos deg som er rådgiver i distriktet.

Som rådgiver er det viktig at du innleder med de positive sidene i produksjonen. Velg ut 2-3 punkter som er positive i besetningen.

Beskriv to negative resultater, begrunn og forklar hvordan du vil at de negative resultatene bør endres/forbedres. Ta utgangspunkt i utskriftene/vedleggene fra Kukontrollen (vedlegg 1 og vedlegg 2).

OPPGAVE 2

Kua 5591 kalvet 31.12.2019. Beskriv og forklar hva som skjer med kua helt frem til neste gang kua kalver.

Det er forslag om noen endringer i lovverket når det gjelder ku og kalv. Du som rådgiver skal beskrive for gårdbrukerne både positive sider og utfordringer med dette. Gi gårdbrukerne råd om hva de bør gjøre. Begrunn svaret ditt.

OPPGAVE 3

Denne våren skal ca. 250 daa pløyes opp og såes til med engfrø.

- Hvilke sorter vil du anbefale gårdbrukerne å bruke for å få nærings- og smaksrikt grovfôr til dyrene, og som gir mange kg fôr pr. daa?
- Forklar i korte trekk hvordan gårdbrukerne bør bearbeide jorden for å lage et godt såbed for engfrøene. Du kan selv beskrive hva slags type jord som skal sås til.
- Gården *Melkerampen* bruker husdyrgjødsel på jordene. Husdyrgjødsel varierer sterkt i næringsinnhold. Hvordan kan man oppnå best mulig utnyttelse av bløt husdyrgjødsel? Bruk gjerne tabell 1. under.

Tabell 1.

| | |
|--|---|
| Til 450 kg korn/daa | 1,2 tonn/daa bløt grisejødsel (tørrfôring) 250 kg/daa fjørfjødsel 2,5 tonn/daa bløt storfjødsel |
| Til 700 kg tørrstoff/daa av raigras/ eng | 4,2 tonn/daa bløt storfjødsel 2,8 tonn/daa storfe-talle 1,3 tonn/daa saue-talle |



www.vigoiks.no/eksamen